



ÅRSMELDING

20  
22

[øyvar.no](https://oyvar.no)



16 / VATN

**Rekordhøg auke  
i installasjon  
av vassmålarar**



22 / AVLØP

DOVETT-KAMPANJEN  
**Spar pengar og miljø  
– bruk dovett**



28 / RENOVASJON

**Klart for ny  
gjenbruksstasjon  
på Straume**



ØyVAR AS drifter vatn, avløp og renovasjon i Øygarden kommune. 48 årsverk sørger for å levere drikkevatt av svært god kvalitet, og tek hand om avløpsvatnet og reinsar dette. Vi sørger dessutan for tømning av private slamavskiljarar og samlar inn og legg til rette for gjenbruk av avfall. ØyVAR byggjer ut nye anlegg for vassforsyning og avløpshandtering. Heile aktiviteten blir finansiert gjennom vass-, avløps- og renovasjonsgebyra.

#### VÅRE AMBISJONAR

- Best på organisering av VAR-tenester i Noreg
- Best på kundeoppleving
- Nok drikkevatt av høg kvalitet
- Inga forureining som skader natur og miljø
- Berekraftig og kostnadseffektiv avfallshandtering
- Øygarden kommunes fremste miljøbedrift
- Mest attraktive VAR-arbeidsplass

øyvar.no

04  
06  
08  
13  
14  
20  
26  
32

**Leiar 2022**

**Årets høgdepunkt**

**Prosjekt 2022**

**Kommunebarometeret**

**VATN**

**AVLØP**

**RENOVASJON**

**Berekraft**

Berekraft og miljøtiltak

34

**Årsmelding og rekneskap  
Styret**

36

Styrets årsmelding

**Rekneskap**

42

Resultatrekneskap

43

Balanse

45

Kontantstraumoppstilling

46

Notar

56

Revisors beretning



ØYVAR er sertifisert  
miljøfyrtårnbedrift



LEIAR  
2022

# Gode tenester og kostnadseffektiv drift

Hovudfokuset vårt dei siste tre åra har vore å planlegge verksemda slik at ØyVAR har vore i stand til å levere dei samfunnskritiske tenestene på ein tilfredsstillande måte under korona-pandemien. Takka vere god innsats og fleksibilitet frå dei tilsette, har vi lukkast med dette.

Dei meir langsiktige konsekvensane av pandemien vart tydelege i 2022 gjennom høg prisvekst på grunn av endra råvaretilgang. Krigen i Ukraina drog prisveksten vidare opp og energikostnadene auka som følgje av endra energiforsyning. I tillegg auka renta kraftig. Dette førte til at gebyra måtte aukast for 2023, slik svært mange kommunar har gjort.

Dei siste 15 - 20 åra har det blitt investert svært mykje innan vatn og avløp. I vår langstrakte kommune med 39 400 innbyggjarar får 88 prosent levert vatn gjennom 432 kilometer med offentlege vassleidningar. Vidare er 68 prosent kopla til offentlege avløpsleidningar som fører avløpsvatn trygt frå hus og heim til reinseanlegga våre. Til trass for store investeringar og høg gjeld, ligg prisen

på tenestene våre innan vatn, avløp og renovasjon under landsgjennomsnittet. Det er viktig for ØyVAR at vi både leverer gode tenester og kan synleggjere at vi har ein kostnadseffektiv drift.

## Av dei beste i landet

Ein samanstilling mellom alle kommunane i Noreg syner at ØyVAR blir rangert som 32. beste kommune av 356 kommunar. Det blir mellom anna målt kor mykje av leidningsnett som blir fornya, kvaliteten på drikkevatnet og pris. Samla gir resultatet eit mål på kvalitet på tenestene. Vi brukar tal frå Kommunebarometeret for å heile tida kunne tilby betre tenester til innbyggjarane i Øygarden kommune. At vi får så gode resultat, skuldast



Bjarne Ulvestad  
Administrerende direktør

*Til trass for store investeringar og høg gjeld, ligg prisen på tenestene våre innan vatn, avløp og renovasjon under landssnittet.*

at heile organisasjonen har jobba målretta med å betre alle våre kvalitetsindikatorar.

Vårt fokus på tetting av både vass- og avløpsleidningar har mellom anna resultert i at vassforbruket er redusert med 8 prosent i 2022 samanlikna med 2021. Fleire medieoppslag om vassmålarar førte til at mange av våre abonnentar fekk installert vassmålar. Totalt har no over 20 prosent av våre abonnentar vassmålar. Dette er ei gledeleg utvikling. Ved montering av vassmålar vil den einskilde abonnent kunne påverke gebyra og det gir ein betre samanheng mellom det du betaler og kva forbruk du har.

## Vegen vidare

Arbeid med kommunedelplanen for vatn og avløp er i slutfasen, og vil venteleg bli vedteke i 2023. Dette er den første VA-planen kor ein ser heile kommunen under eitt. Denne planen viser både investerings-, utbetnings- og driftstiltak og er styrande for selskapet si verksemd i eit lengre tidsperspektiv. Eit av dei store tiltaka må vere å knyte saman kommunen og auke leverings-sikkerheita. I tillegg vil både Sotrasambandet

og legging av ny straumkabel i samband med elektrifisering av sokkelen leggje beslag på mykje av kapasiteten til ØyVAR.

Ny avfallsforskrift gjeld frå 1. januar 2023 og innebærer strengare krav til avfallssortering. Krava til sortering og materialgjenvinning gjeld ikkje berre avfall heime, men òg for kommune og næringsliv. I løpet av dei neste åra kan vi vente ei omlegging av tenestene for å stimulere til betre utsorteringsgrad.

Nytt avløpsdirektiv er ute på høyring og kan få stor innverknad på avløpshandteringa i kommunen om det blir vedteke slik som den ligg føre. Dette vil venteleg bli vedtatt i 2024, og vi er spente på kva dette vil føre med seg for Øygarden kommune.

Til slutt vil eg takke alle våre tilsette for ein framifrå innsats i året som gjekk. Den innsatsen våre medarbeidarar har lagt ned saman med kundar og samarbeidspartnarar gjev oss grunn til å vere stolte. Med det mannskapet ØyVAR har, er eg overtydd om at vi skal klare å utvikle oss og levere gode tenester også i framtida til det beste for våre kundar.



## ÅRETS HØGDEPUNKT



### Linda er trainee i ØyVAR

Linda Hummervoll er trainee i ØyVAR. Trainee-perioden varer i to år, der ho skal vere eitt år hos ØyVAR og eitt år hos Bergen Vann.

Linda er utdanna kjemi-og miljø-ingeniør frå UIS, og har teke ein mastergrad på NMBU i kjemi etterpå. - I ØyVAR er eg med både ute på drift og eg har administrative oppgåver på kontor. Eg har vore med på lekkasjesøk, og har vore med for å ta prøver på eit vassverk. Administrativt har eg som hovudoppgåve hatt ansvar for å kvalitetssikre og oppdatere register for olje-og feittutskiljarar i kommunen, og eg arbeider med å digitalisere rapporteringsrutiner for utskiljarane, seier Linda som og hjelper til i andre mindre prosjekt. Ho synest det er fint å vere i ØyVAR. - Dei er så flinke og inkluderande her. Kollegaene mine i ØyVAR tek meg med på mykje forskjellig og gir meg mange spanande oppgåver. Eg har hatt ein veldig bratt læringskurve sidan eg starta her, seier Linda som ønskjer å halde fram i denne bransjen. - Dette er ei god erfaring å ta med seg vidare når eg skal søkje jobb seinare.

TraineeVANN er eit landsdekkjande, vannfagleg traineeprogram over 24 månader. Her er ein inntom to eller tre ulike bedrifter og får ein god sjanse til å skaffe seg brei kompetanse, stort nettverk og ein god start på arbeidslivet. Vassbransjen er stor og kompleks med mange aktørar, utfordringar, prosessar og arbeidsoppgåver. Som trainee kjem ein inntom mellom anna prosjektleiing, retorikk og taleteknikk, møteleiing og stressmeistring.

### Skaga avløpsreinseanlegg

Nytt avløpsreinseanlegg på Skaga vart teken i bruk i 2022. Anlegget tilfredsstiller no gjeldande reinsekrav, og er eit av fleire anlegg som må byggjast i Skogsvågen. I tillegg har anlegget fått ny utsleppsleidning som går lenger ut på 50 meters djup.



### Naudvasstank på plass

Skulle det skje ei krise eller ein naudsituasjon der innbyggjarane ikkje lenger har vatn i kranene sine, og kommunen sine rørsystem ikkje kan brukast til å frakte vatn gjennom, må vi ha ei enkel og trygg lagring av vatn.

No er endeleg naudvasstanken til ØyVAR på plass. Vi har inngått eit samarbeid om beredskapsmateriell saman med Bergen kommune i 2022, der eitt av tiltaka var å styrkje beredskapen ved kjøp av ny vasstank. Med denne kan vi både levere og transportere vatn. Dette er eit godt grep for innbyggjarane og slik er vi sikra vatn til dei som treng det mest i ein kritisk situasjon.

### Avløpsanlegg på Ågotnes

Det nye avløpsanlegget på Ågotnes er no i full drift etter eitt års prøvedrift. Avløpsanlegget reinsar frå heile Ågotnes-området.



### Overgang til sirkulærøkonomi krev endringar i produksjon, forbruk og gjenvinnings- løsningar.

For at mest mogleg ressursar skal nyttast, må bransjen sikre løysningar som legg til rette for meir material- gjenvinning og gjenbruk. Dette medfører behov for etter- og vidare-utdanningar, slik at tilsette kan bidra til innovasjon og nye klima- og miljøvenlege løysningar. I ØyVAR er vi stolte over å ha engasjerte og kompetansesugne tilsette. I åra 2020-2022 har 5 tilsette tatt fagbrev i gjenvinningsfaget eller i gang med utdanningsløpet.



### Lars tok fagbrev i gjenvinning

Lars Vassenden i ØyVAR har teke fagbrev i gjenvinningsfaget. Han fortel at fagbrevet er ein god måte å få eit formelt bevis på at ein har ei viss form for kompetanse.

- Det betyr ikkje at arbeidsoppgåvene endrar seg over natta, eg gjer mykje av det same som før. Men fagbrevet kan vere eit springbrett for auka kompetanse. Gjennom bransjeprogrammet, ein av dei mange gode fruktene frå trepartssamarbeidet, får ein tilgang på gratis vidareutdanning ved mellom anna universitet, høgskular og fagskular, seier Lars. Han er allereie i gang med ei handfull av desse tilboda.

- I ein bransje der utviklinga skjer så fort som i vår, er det fantastisk å kunne ta del i ny kunnskap og halde seg fagleg relevant, seier Lars. Han jobbar primært som driftsmedarbeidar på gjenvinningsstasjon, nærare bestemt ved Midtstegen heilt sør i kommunen. Der rettleiar han kundar, sorterar farleg avfall, lastar og lossar med truck.

- Det er sjeldan at ein arbeidsdag er heilt lik den andre, noko som passar meg godt.



# PROSJEKT 2022

Utbygging ØyVAR AS

- Ferdigstilte prosjekt
- Prosjekt under utføring
- Prosjekt under prosjektering

## Ferdigstilte prosjekt

### Bildøy – Bildøybakken vassleidning

Utskiftning av hovudvassleidning frå Bildøy vest til Bildøybakken/Døsjevegen, dette er vedlikehaldsarbeid. Eldre hovudvassleidning er bytt ut med ny for å sikre vassforsyning både aust og vest.



### Rehabilitering av vassleidning Eidesjøen - Eidesund

Vassleidning med kum mellom Eidesjøen og Eidesund er utført i 2022. Eldre vassleidning og kum er sanert.



### Rehabilitering av vassleidning Vorland – Kausland – Porsvika

Vassleidning med tilhøyrande kummar mellom Vorland-Kausland og Porsvika er utført i 2022, noko etterarbeid vil bli gjort i 2023. Eldre leidning er sanert.



### Nygårdsvegen, Arefjordkrysset

I samband med at det ble etablert fortau frå krysset Arefjordsvegen – Nygårdsvegen og eit stykke sørover, la ØyVAR AS ny vassleidning og avløpsleidning i fortauet si lengd.



## Under utføring

### Blomvåg vest

Blomvåg Vest er eit samarbeidsprosjekt mellom Øygarden kommune og ØyVAR. Samstundes med nytt fortau blir det lagt nye vass og avløpsleidningar. Dette er eit flott miljøtiltak som leier vekk avløp frå Blomvågen.



### Arseta avløpssanering

ØyVAR AS har delteke på eit prosjekt i samarbeid med Øygarden kommune. ØyVAR har lagt vass -og avløpsleidningar på delstrekk, samt ny pumpestasjon for avløp for sanering og avløp på vestsida. Arbeida er ikkje avslutta, og framdrift på vatn og avløp vert tilpassa framdrift på vegarbeid for Øygarden kommune.





## Vassleidning til Ekrhovda

Etter bestilling frå kommunestyret i tidlegare Fjell kommune, er det i 2022 og vidare i 2023 arbeidd med offentlig vassleidning til Ekrhovda. Totalt skal det leggjast cirka 2100 lm vassleidning i sjø, og cirka 1000 lm vassleidning med kummar i området med fortau. Arbeid med vassleidning er starta på land, og sjøleidning var planlagt lagt i januar 2023.



## Kørelen – Eidesjøen

Prosjektet Kørelen-Eidesjøen er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og ØyVAR. Fylkeskommunen oppgraderer veg og bygger nytt fortau medan ØyVAR legg ny hovudvassleidning på strekket frå om lag rundkøyringa ved Eidesjøen til landtak i Kørelen. Samstundes vert avløpsleidning på strekket skifta ut.



## Skaga avløpsreinseanlegg

Som ein del av avløpssaneringa i området og for å auke kapasiteten, samt betre reinsegraden, er det bygd nytt avløpsreinseanlegg på Skaga. Det blei i tillegg lagt ny utsleppsleidning som blir ført ut av vågen.



## Sotra Arena – Ebbesvik, del 1

I samband med etablering av ny veg mellom Sotra Arena og Ebbesvik, deltek ØyVAR AS med oppgradering av vatn og avløp i ny rundkøyring ved Sotra Arena. ØyVAR deltek vidare i vegprosjektet ny kommuneveg til Ebbesvik med etablering av vatn og avløp.



## Under prosjektering

### Sotrasambandet

Samstundes med bygging av nytt Sotrasamband skal det også leggjast ny vassleidning som skal koplant saman med Bergen kommune si vassforsyning. Sotralink har kome godt i gang med planlegginga.



### Gjenbruksstasjonen på Straume

Gjenbruksstasjonen på Straume har parallelt med vidare planlegging fått tilført og komprimert større mengder overskotsstein. I samarbeid med Øygarden kommune, har ØyVAR fått overskotsstein frå ny brannstasjon i Skogsvåg. Fyllinga er no stort sett ferdig, og prosjekteringsarbeidet med utvida gjenbruksstasjon går føre seg.



### Grønamyrsvegen

Øygarden kommune skal oppjustere Grønamyrsvegen mellom rundkøyring Arefjordsvegen og til entreprisegrense Sotrasambandet. I samband med dette, deltek ØyVAR AS i prosjekteringa av nye vass- og avløpsleidningar som skal leggjast i nytt fortau som erstatning for vatn og avløp slik det er i dag.





### Brattholmen skule – Brattholmen kai

I samarbeid mellom privat utbyggjar og Øygarden kommune skal det etablerast fortau frå krysset Nygårdsvegen til Brattholmen kai. I samband med dette deltek ØyVAR AS i prosjektet med planlegging av oppgradering av vatn og avløp i samme grøft som nytt system for overvatn.

### Midtstegen avløpsreinseanlegg

Planlegging av nytt avløpsreinseanlegg ved Midtstegen går føre seg. Planlagt ny avløpsleidning gjennom fjell og ut på djup sjø på kote cirka 50/60 m.

### Dala vassleidning

Vestland fylkeskommune planlegg utviding av veg på Dala med fortau. ØyVAR AS deltek i planleggjinga med plan og å leggje vassleidning i fortau.

### Ny Øygardskabel

ØyVAR AS medverkar til Statnett si prosjektering av ny Øygardskabel då det på delar av strekket vil bli konflikt mellom eksisterande vatn og avløp og ny kabel.



## Folk i Øygarden får topp kvalitet på vatn, avløp og renovasjon

Vi som bur i Øygarden kommune har vatn, avløp og renovasjon av høg kvalitet. Det viser ferske tal frå Kommunebarometeret.

Det årlege Kommunebarometeret måler til saman 15 parameter. Det blir mellom anna målt kor mykje av leidningsnettet som blir fornya, kvaliteten på drikkevatnet og pris. Samla gir resultatet eit mål på kvalitet.

– Vi er veldig fornøgde med resultatet. Vi brukar tal frå Kommunebarometeret for å heile tida kunne tilby betre tenester til innbyggjarane i Øygarden kommune. At vi får så gode resultat i år, skuldast at heile organisasjonen har jobba målretta med å forbetre alle kvalitetsindikatorane, seier Bjarne Ulvestad, administrerande direktør i ØyVAR.

ØyVAR har dei siste 10 åra investert om lag ein milliard kroner i nye leidningar og reinseanlegg. Det gir oss trygt drikkevatt og effektiv reinsing av avløp i kommunen. Trass store investeringar, er prisen på tenestene i Øygarden kommune på 11 595 kroner per år. Dette er under landsgjennomsnittet på 12 136,75 kroner.

Kommunebarometeret viser at ØyVAR er den tredje beste leverandøren av vatn, avløp og renovasjonstenester i Vestland fylke, og nummer 32 av 356 i Noreg.

 Les meir om **Kommunebarometeret**





Ingen bakteriologiske  
funn

Vassforbruk

**5 229 381 m<sup>3</sup>**

(338 713 m<sup>3</sup> mindre enn i 2021)

Lekkasje

**18%**

# VATN


Øyvar har 5 vassverk jamt fordelt over heile kommunen, og omlag 432 km med kommunale vassleidningar. Som ein del av nettet har vi også 16 høgdebasseng og 24 trykkaukestasjonar. Vi er 20 tilsette som saman har den daglege drifta og vedlikehaldet av desse anlegga.

Stig Hagenes

Fagsjef VA, fagansvarleg vatn og avløp







## Rekordhøg auke i installasjon av vassmålarar

16 prosent auke i vassmålar-installasjonar etter artikkel i Vestnytt.

Mange i Øygarden har fått augene opp for å installere vassmålar. Rundt årsskiftet har meir enn 450 bustader fått dette på plass, ei auke på over 16 prosent. ØyVAR håpar fleire gjer same grep, slik at dei berre betaler for vatn dei faktisk brukar.

### 474 nye vassmålarar på to månader

– Folk i Øygarden har normalt ikkje hatt vassmålar. Dei har fått avgiftene stipulert til storleiken på husa sine. Då blir det jo fort slik at større hus får større avgift. Det gjeld både vatn og avløp, seier Hagenes. Det resulterer i at mange betaler meir enn dei treng. Ein familie på fire-fem personar vil naturleg ha eit høgare vassforbruk enn bustader der ein er åleine eller to. Men når ungane veks til og flyttar ut, er det færre folk igjen i like store hus. Kostnaden blir framleis stipulert, medan vassforbruket har gått kraftig ned.

– Difor vil dei spare mykje pengar på å gå over til målt forbruk. Har ein offentleg avløp i tillegg, så vil jo og

avløpsgebyret reknast ut frå vatn inn i huset, så her er det ein dobbel fordel, seier Hagenes med eit smil. Rett før Vestnytt skreiv artikkelen «Slik kan du spare fleire tusen på vatn» låg talet på installerte vassmålarar i Øygarden på under 400 stk på eit år. Sidan artikkelen vart publisert i november, har meir enn 450 nye vassmålarar komme på plass i Øygarden. Stig Hagenes, fagleiar for Vatn og avløp hos ØyVAR, er godt nøgd med utviklinga.

– Det er fornuftig å berre betale for det ein faktisk brukar, seier Stig Hagenes, fagleiar for Vatn og avløp hos ØyVAR.

### Betal for det vatnet du faktisk brukar

I dag er det pålagt med måling av vassforbruket på leilegheiter og nye bustader, medan i eldre bygg er det framleis frivillig å ha vassmålar. Mange er ikkje klar over at vatn og avløp er eit spleiselag i lik grad som forsikring. Dei som brukar lite, betaler for bruken til dei som brukar mykje. Har du ein vassmålar,

– Det er fornuftig å berre betale for det ein faktisk brukar.

slepp du denne problemstillinga. Men det er endå fleire fordelar å ta med i reknestykket:

– Når du kan følgje med på kor mykje du brukar, blir du mykje meir merksam. Det er lett for å la springen stå på medan ein pussar tennene, eller ikkje gjera noko med den lekkasjen i toalettet. Du har kanskje ein lekkasje i huset som du ikkje ville oppdaga før det har vorte store øydeleggingar. Det unngår du om du har ein vassmålar, seier Hagenes.

Han håpar også at folk blir meir merksame på forbruket av vatn, og at det vil få ned vassforbruket generelt sett. ØyVAR treng då ikkje å reinsa meir vatn enn det som er naudsynt, og brukar på den måten mindre kjemikaliar og ressursar til reinseprosessen.

### Berekraftig måling

– Heile kretsløpet får igjen for at forbruket av vatn går ned. Det blir mindre belastning på anlegga, mindre trykk og dermed mindre utlekk. Vi brukar mindre straum på å produsere og pumpe vatnet ut, og då kan det hende vi slepp å bruke pengar på nytt vassverk. Difor er det svært berekraftig å skaffa seg ein vassmålar.



Dette treng du å vite om vassmålar:

- **Sjølve vassmålar**en kostar rundt 3000 kroner.
- **Installasjonskostnaden** ligg på mellom 6-10 000 kroner, alt ettersom kor lett det er å komme seg til i bustaden din.
- **Det du betalar** er i dei fleste tilfelle spart inn igjen i løpet av eit par år.
- **Kontakt ein røyrleggjar** som tek seg av papirarbeidet og rapporterer inn til ØyVAR når jobben er gjort.



– Det er fornuftig å berre betale for det ein faktisk brukar, seier Stig Hagenes, fagleiar for Vatn og avløp hos ØyVAR.



# Vassforsyninga 2022

## Vasskvalitet

I 2022 vart det teke 675 rutinemessige vassprøvar ulike stader på nettet. Vi har kutta kostnader ved å redusere antal prøvepunkt, men vi er stadig godt innafor kravet i drikkevassforskrifta og har god kontroll på vasskvaliteten gjennom heile vassleidningsnettet. Vi har ingen bakterio-logiske avvik.

## Lekkasje og vassproduksjon

Målretta jobbing for å stoppe lekkasjar og utbetre sårbare punkt lønner seg. Dette medfører færre vassleidningsbrot og mindre forbruk generelt. Også i 2022 har det blitt jobba systematisk for å forbetre leidningsnettet vårt. Talet på akutte brot går stadig nedover, og sjølv om tal abonnentar aukar, går også vassforbruket nedover.

Samla vassforbruk og lekkasjetal er som følgjer:


**Totalt vassforbruk 2022:** 5 229 381 m3, dette er 338 713 m³ mindre enn i 2021

**Lekkasje:** 18 %




## Lekkasjetap, drikkevatt

Kommuner over 20 000 personer tilknytt



## Uttak frå kjelde, råvatn




# VATN

● **16**  
høgdebasseng

● **10**  
vasshandsamingsanlegg

● **7**  
kjelder for drikkevatt





Reinseresultat godt  
innafor utsleppsløyva

Innbyggjarar tilknytt:

**68%**

# AVLØP

Øyvar har i dag 42 reinseanlegg, fordelt på 4 silanlegg, 2 kjemisk/biologiske anlegg og 36 slamavskiljarar. Vi har omlag 270 km med avløpsleidningar og 92 pumpestasjonar. 20 tilsette driftar og vedlikeheld desse anlegga.

**Stig Hagenes**

Fagsjef VA, fagansvarleg vatn og avløp







#### DOVETT-KAMPANJEN

## Spar pengar og miljø – bruk dovett

Hugsar du vaskefilla som blei med ned i avløpet den gongen du helte vaskevattnet i do? Kanskje var det våtserviettane eller håret frå dusjen som blei skylt ned då søppelbøtta på badet var full? Det betyr ikkje at det er for seint å endre vanar og bli ein dohelt.

#### Nasjonal kampanje

Den nasjonale kunnskapskampanjen "Det må du nesten bare drite i" er Hold Norge Rent sitt initiativ for å skape merksemd rundt dovett. Denne kampanjen støttar vi her i ØyVAR. Dei som jobbar med vatn og avløp i kommunen får nemleg ei dagleg påminning om kva manglande dovett kan skape av problem.

– For oss fører det gjerne til stopp i reinseanlegg og pumpestasjonar, som resulterer i miljøproblem og dyrare drift, fortel avløpseksperter Kristine Olsen Strandheim hos ØyVAR.

Våtserviett, Q-tips og tørkepapir. Uansett kva vi kastar i doen, forsvinn det ikkje av seg sjølv. Det er lange prosessar, mykje pengar og smarte løysingar som må til for å reinsa avløpsvatnet. Kva som helst kan nemleg ikkje kastast i do.

#### Det er berre tre ting som skal i do

Så, korleis veit ein kva som skal kastast i do? Her er hugeregelen enkel: Ingenting skal kastast der. Det er berre tiss, bæsje og dopapir som skal i do – alt anna skal i søppelbøtta.



– Neste gong du skal på badet  
- ha dovett: Det er berre tiss, bæsje og  
dopapir som skal i do.

– Men det er likevel mykje rart som dukkar opp på reinseanlegga, som eigentleg ikkje skulle vore der, fortel Kristine. Ho nemner t-skjorter, truser, våtserviett og matfeitt som døme på ting folk kastar i do. Dette skaper problem på anlegga.

#### Kan bli kloakkstopp

Ein kan òg få nokre ubehagelege konsekvensar i eigen heim viss ein kastar ting i do som ikkje skal nedi der. Ein av dei er kloakkstopp, som gjerne blir både ekkelt og dyrt. Det er ikkje nødvendigvis den som kastar ting i do som bli ramma - det kan vere naboen som får kloakk rennande opp frå toalettet i kjellaren sin. Tilstopping av kloakken som fører til avløp på avvege i heimar, gir dyrare husforsikring for alle huseigarar.

Stopp i avløpsspumpestasjonar og reinseanlegg kan føre til at ureinsa kloakk hamner i bekker, ferskvatn og sjø. Nokon gonger kan tilstopping gjere at avløp hamnar på avvege, rennande nedover ein bilveg, i ein grøft

eller inn i ein hage. Då er det viktig at ØyVAR varslast raskast mogleg av dei som oppdagar lekkasjen. Uønska ting i doen og avløp på avvege fører til dyrare drift for ØyVAR, som i sin tur også gir dyrare kommunale avgifter.

#### Vanskelegare å nå klimamål

Manglande dovett gjer det vanskelegare å nå både nasjonale og lokale klimamål. Eit forureina kloakkslam gjer det verre for ØyVAR å bruke dette restproduktet til nytte, som gjødsel eller til biogassproduksjon.

For mykje søppel i avløpet skaper eit forureiningsproblem. Då er det viktig med både nasjonale og lokale haldningskampanjar, slik Hold Norge Rent har.

Difor har Kristine ei tydeleg tilråding til alle i Øygarden:

– Neste gong du skal på badet - ha dovett: Det er berre tiss, bæsje og dopapir som skal i do.



#### Dovett-kampanjen

Dovett-kampanjen er eit døme på ein kampanje vi hadde i 2022 der vi oppfordra folk til dovett. Kampanjen gjekk mellom anna på kino.





# Avløp 2022

## Kvalitet

Det vart gjort eit omfattande registreringsarbeid over dei offentlege avløpsanlegga i 2020 og 2021. Her fekk vi registrert kapasiteten til dei ulike anlegga, og avklart korleis vi låg an i forhold til dei ulike utseppsløyva. Ein del mindre avvik er blitt retta opp i løpet av 2022, mens større avvik er tatt med i arbeidet med ny kommunedelplan for vatn, avløp og overvatn i Øygarden kommune.

Vi tar systematiske prøver på dei største reinseanlegga våre; Storanipa, Krekjebærneset og Møvik, og på dei kjemisk/biologiske anlegga Trengereid og Kallestadvik. Alle anlegga har levert reinseresultat godt innafor utseppsløyvet.

Ein del slamavskiljarar har også krav til dokumentasjon av reinseresultat i utseppsløyvet. Dette gjeld anlegg bygd etter 2007. Her har vi 6 anlegg; Skaga, Tellnes, Limavågen, Klokkarvik, Telavåg og Torsvik. Resultata førebels viser at vi ligg innafor kravet i utseppsløyva. Vidare dokumentasjon vil pågå i 2023.

Revisjon av internkontroll for avløp er i slutføringsfasen.

Alle avløpsanlegga i Øygarden kommune med fleire enn 50 personar tilkopa er rapportert inn til Miljødirektoratet.

## Kapasitet

Som ein konsekvens av tidlegare registreringsarbeid er den gamle slamavskiljaren på Skaga bytta ut med ein ny, tilpassa dagens kapasitetsbehov. Denne vart sett i drift i slutten av 2022. Utbetring av resterande anlegg med påviste avvik, er med i den nye kommunedelplanen som er til handsaming i første halvdel av 2023. Vi har også fem anlegg der utseppsløyva må klargjerast nærare.


## Lekkasje

Arbeidet med kartlegging og tilstandsregistrering av innlekkasje av overvatn er eit arbeid som pågår fortløpande. Vi har også i 2022 hatt eit lågare energiforbruk på avløpsanlegga våre, samanlikna med tidlegare år. Dette viser at arbeidet vi gjer med reparasjonar har gitt gode resultat. Arbeidet er svært viktig for å redusere energiforbruket og auke kapasiteten i åra framover. Statsforvaltaren i Vestland stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetringar. Dette er noko vi rapporterer på kvart år.




## Innlekking til avløp

Estimert fremmedvatn til renseanlegga i % av tilførsel



# AVLØP

• 42  
avløpsreinseanlegg  
og slamavskiljar





Kundebesøk  
på gjenbruksstasjonane

2022 / **52 956**

2021 / **50 918**

2020 / **43 319**

# RENOVASJON

ØyVAR har to gjenbruksstasjonar i Øygarden; ein gjenbruksstasjon i Skogsvåg og ein på Straume. I tillegg har vi eit betjent miljøpunkt for farleg avfall på Tjeldstø som er ope ein dag i veka.

Hytterrenovasjon er spreidd på 195 punkt rundt om i heile kommunen og tek imot avfall frå dei 3500 hyttene.

Det er 45 returpunkt for innlevering av glas- og metallemballasje. Vi har i sesong over 20 tilsette på renovasjonen som tek i mot kundar på anlegga våre.

Espen Elstad  
Fagleiar renovasjon







## Klart for ny gjenbruksstasjon på Straume

No skal satsinga på ombruk og sirkularitet auke.

- Gjenbrukstasjonen vår på Straume er sprengd på kapasitet, volum og kundar. Difor er vi glade for at det no skal byggjast ny stasjon med mykje betre plass, seier fagsjef renovasjon Espen Elstad i ØyVAR.

### Eit betre tilbod til innbyggjarane

Ved bygging av ny stasjon er det ØyVAR sitt mål å byggje om stasjonen slik han er i dag for å gi ei betre oppleving for kundane og samstundes betre kjeldesorteringa.

- Kommunen har ei auka satsing på ombruk og sirkularitet, og denne satsinga deler vi i ØyVAR. Det av vi no planlegg for ei større ombruks-satsing på Straume, er vi særst nøgd med. Vi ser fram til eit betre tilbod for innbyggjarane når stasjonen er ferdig, seier Elstad. Han syns det er gledeleg at folk spør etter ombrukshall, slik stasjonen hadde før. Det vil den nye stasjonen få. Ny stasjon vil vere eit sentralt verkemiddel for å nå framtidige målsetjingar for ombruk og kjeldesortering.

- I den fasen vi er i no, er stasjonen vår på Lonavegen for liten og han har ikkje nok kapasitet, seier Elstad. Den gongen stasjonen var ny i 2003, var den moderne og hadde gode løysingar for handsaming av avfall.

- Vi trudde då at stasjonen hadde god kapasitet, men no treng vi ein større og betre stasjon som vil møte miljøkrav og omsyn vi må ta i dag og framover. Vi får føringar av både Miljødirektoratet og Øygarden kommune, som set nasjonale og lokale mål og krav om korleis vi skal tilretteleggje for best mogleg utnytting av avfallet.

### Vi er meir enn berre oss sjølv

Elstad seier vidare at ein kan knyte arbeidet som ØyVAR gjer, opp mot FN sine berekraftsmål.

- Viss vi ser litt stort på det, er ØyVAR ein del av noko som er mykje større enn seg sjølv. Vi er ein del av ei verdsomspennande løysing for ei betre

notid og framtid. Derfor treng vi å tenkje langsiktig ikkje berre for vår eigen del, men og i eit globalt perspektiv, seier Elstad. Han trekkjer og fram at kommunane no har fått meir konkrete mål når det gjeld kjeldesortering og ombruk.

- Dei nye krava fekk vi i 2022. Samla sett har vi i heile Norge fått mål på kor mykje vi skal sortere av avfallet vårt, og dette er ikkje lenger noko kommunane berre bør gjere, men noko vi må gjere, fortel Elstad. Derfor set dette retninga på vegen vi må gå fram til desse måla – og dette må vi gjere saman med innbyggjarane.

### Skal renovere i om lag eitt år

Til hausten skal stasjonen på Straume stenge ned for ombygging. Då vert Midtstegen hovudstasjonen vår, truleg i minst eitt år framover. Midtstegen er ein fin og god stasjon, med stor plass og gode løysingar.

- Vi ser fram til ny stasjon på Straume, og håpar samstundes at folk vil bruke stasjonen på Midtstegen til vår nye stasjon er klar.

Renovasjon er ein samfunnskritisk funksjon, og det er heilt nødvendig at denne tenesta fungerer.

Mengdene avfall vi nordmenn produserer, er dobla på 20 år. Dette er eit resultat av forbrukar-samfunnet vårt.

ØyVAR har ei solid ordning for innsamling.



### VISSTE DU AT

#### Vi kastar mindre matavfall i restavfallet no?

Frå 2013 til 2022 har matmengda i restavfallet gått ned. I 2013 kasta vi 40 prosent mat i restavfallet, no kastar vi 18 prosent. Innbyggjarane er blitt mykje betre til å sortere ut matavfallet, men framleis er det mykje matavfall som vert brent som kunne gått til produksjon av biogass og gjødsel.

Trass i høgt fokus på plast på avvege, kastar mange av oss mykje plast i restavfallet. Undersøkingar i ØyVAR viser at vi kastar over 20 prosent plast i restavfall. Mykje av dette skulle vore kasta i sekken med returplast. Eit døme er nye bereposar frå butikken som ikkje bør nyttast til å kaste avfall i. Kvaliteten på desse er så høg at bereposane kan nyttast om att og om att til bering framfor å kaste avfall i.





# Renovasjon 2022

I 2022 var ØyVAR med i benchmarkinga til Avfall Norge, der renovasjonsselskap samanliknar resultat mot andre selskap. Benchmarkinga viste at ØyVAR ligg godt an i høve til dei andre 18 renovasjonsselskapa som var med i undersøkinga.

Best posisjonering hadde ØyVAR på arbeidsmiljø og vi er svært glade for at trivselen er høg på jobb. I tillegg er vi målt på miljøstandard, tenestestandard, kor nøgd kundane våre er, prisenivå, drifts- og systemeffektivitet. Samla score ØyVAR betre enn middels av deltakarane. Benchmarkinga gir oss høve til å få eit objektivt bilete av korleis det ser ut no, få læring og kartleggje høve til forbetring.


## Materialgjenvinning

Målet med materialgjenvinning er å gjenvinne ressursar slik at material eller stoff kan nyttast om igjen i ny produksjon som resirkulerte råvarer. Dette gjer at ein sparer kloden for uttak av jomfruelige råvarer og dei klima- og miljøbelastningane som kjem av dette. Målet er at mest mogleg av avfallet finn sin plass så høgt opp i avfallspyramiden som mogleg (sjå figur).

ØyVAR leverer restavfall til BIR Avfallsenergi i Rådalen. I 2022 utgjorde dette 62 prosent av avfallet samla inn på renovasjonsbilane. Det andre avfallet som matavfall, papp/papir og plast vert levert til materialgjenvinning. Plukk-analyser som vart gjort i november 2022 viste at over 50 prosent av avfallet som var i restavfallet kunne ha vore sortert ut. Det syner at restavfallet kunne vore redusert så mykje som opp mot 50 prosent og like mykje kunne ha vore materialgjenvunne.

På gjenbruksstasjonane er sorteringa vesentleg betre. Om lag 22 prosent av avfallet vert sendt til forbrenning som restavfall.

Det vart samla inn 1693 tonn matavfall i 2022 og dette vart sendt til produksjon av biogass. Biogassen kan då erstatte omlag 220 000 liter fossil diesel (1 t matavfall = 130 Nm3 biometan = 130 l diesel). Trass i ein god miljørekneskap for matavfallet, ser ØyVAR etter andre meir lokale løysingar for denne ressursen. Vi er derfor glade for å ha bidrege til at Wastech fekk gjennomført sin pilot for alternativ handsaming av matavfall i 2022 og vil halde fram med å leggje til rette for lokale prosjekt som i framtida kan resultere i auka lokal utnytting av avfallet.



| Mengder                 |        | 2022   | 2021   | 2020   |
|-------------------------|--------|--------|--------|--------|
| Total mengde avfall     | Tonn   | 17 833 | 18 411 | 17 646 |
| Farleg avfall           | Tonn   | 872    | 1 006  | 1 136  |
| Total mengde restavfall | %      | 41     | 40     | 40     |
| Kundebesøk              | Antall | 52 956 | 50 918 | 43 519 |



## Ny gjenbruksstasjon

I 2022 har ny gjenbruksstasjon i Lonavegen vore på teiknebrettet. ØyVAR sitt mål er å byggje om stasjonen slik han er i dag for å gje ei betre oppleving for kundane og samstundes utbetre kjeldesorteringa. Ny stasjon vil vere eit sentralt verkemiddel for å nå framtidige målsetjingar for ombruk og kjeldesortering.

## Viktige samarbeidspartnarar


- BaseCamp – ombruk av sykklar
- Fretex/UFF/Barnehjelpen - ombruk og gjenbruk av tekstilar
- Trigger – arbeidspraksis
- Bergen og Omland Friluftsråd – strandrydding
- Revac – ombruk og gjenvinning av elektronikk
- Wastech – alternativ behandling av matavfall

# RENOVASJON

● 44  
returpunkt glas og metall

● 195  
punkt med hytterenovasjon

● 3  
stasjoner  
• betjent miljøpunkt, Tjeldstø  
• gjenbruksstasjon, Lonavegen  
• gjenbruksstasjon, Midtstegen





## BEREKRAFT OG MILJØTILTAK

# Slik jobbar ØyVAR med berekraft

Som miljøfyrtårnsertifisert bedrift er det viktig for ØyVAR å bli betre på miljø og effektiv bruk av ressursar. I 2022 har vi, som så mange andre, hatt fokus på straumsparing som ein konsekvens av dei høge straumprisane.




Derfor har vi mellom anna bytta ut gamle, energikrevjande pumper med nye, meir energieffektive pumper og har totalt redusert straumforbruket vårt med 6 prosent samanlikna med forbruket i 2021. I tillegg har vi søkt om, og fått innvilga, pengar frå Enova til fleire energitiltak som skal gjennomførast i 2023. Tiltaka inkluderer mellom anna etterisolering av kontorbygg og montering av solcellepanel.

Utbygginga av Storanipa reinseanlegg med varmegjenvinning og solcellepanel gjer at ØyVAR kvalifiserer til grøne lån, noko som gjer at lånevilkåra er betre og at rentekostnadene på desse låna er lågare enn på dei andre låna. Dei grøne låna utgjer 28 prosent av totalen.



● Grøne lån ● Andre lån

Øygarden kommune har definert som hovudmål i samfunnsdelen til kommuneplanen at Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn og har knytt dette opp mot FN sine berekraftsmål. ØyVAR bidreg til dette mellom anna gjennom at alle innkjøp og kontraktar som ØyVAR inngår, har eit miljøkriterium for tildeling og på den måten påverkar vi tilbydarane til å levere meir berekraftige løysingar. Kommunen sitt delmål om å ta vare på naturen på land og i sjø er og vesentleg for ØyVAR gjennom god drift av avløpsreinseanlegga for minst mogeleg utslepp til sjø.



### Straum produsert av Solceller

Nokre av dei nye bygga våre er utstyrte med solcellepanel. Desse har i 2022 produsert 34 409 kWt, noko som svarer til 6 % av straumforbruket på Storanipa reinseanlegg i 2022.



### FN berekraftsmål

- 3 God helse og livskvalitet
- 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 9 Industri, innovasjon og infrastruktur
- 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 14 Livet under vatn
- 17 Samarbeid for å nå måla





# ÅRSMELDING OG REKNESKAP

## Styret

36 Styrets årsmelding

## Rekneskap

42 Resultatrekneskap  
43 Balanse  
45 Kontantstrømoppstilling  
46 Notar  
56 Revisors beretning



# Styrets årsmelding 2022

## Organisasjon

### Verksemnda

ØyVAR AS blei stifta i 2003 og driv verksemnda si i Øygarden kommune. ØyVAR er eit heileigd kommunalt selskap, og det vedtektsfesta føremålet til selskapet er å stå for forvalting, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i kommunen og anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall. Verksemda skal finansierast etter sjølvkostprinsippet.

I tillegg driv ØyVAR med ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring. Verksemd knytt til innsamling av kommunalt næringsavfall følgjer sjølvkostprinsippet, medan innsamling av næringsavfall følgjer vanlege marknadsmessige vilkår.

### Eigar

ØyVAR AS er eigd av Øygarden kommune.

### Arbeidsmiljøutval (AMU)

Følgjande er medlemmer av arbeidsmiljøutvalet ved årsskiftet 2022/2023:

**Frå leiinga:** Bjarne Ulvestad, Hilde Vik Halleraker, Marianne Vindenes.  
**Frå dei tilsette:** Robert Kaupang Sæle, Lars Vassenden, Monica Falck.  
 Representant frå bedriftshelsetenesta (Falck Helse) møter i tillegg fast i utvalet.

### Helse, miljø og tryggleik (HMT)

ØyVAR har eit velfungerande system for å vareta helse, miljø og tryggleik for dei tilsette.

Alle avdelingar har eit sjølvstendig HMT-ansvar som står i forhold til drifta og aktiviteten ved avdelinga. Hendingar (avvik eller uønskte hendingar) blir melde i eit elektronisk system for behandling.

Selskapet har hatt eit langsiktig mål om at sjukefråværet skal vere under 4%. Det totale sjukefråværet i 2022 var på 6,51% (2021: 3,55%), og av dette var korttidsfråværet på 2,28% (2021: 1,8%).

Sjukefråvær er eit tema på alle møte i AMU, og vi har ikkje funne grunn til å tru at sjukefråværet er arbeidsrelatert. ØyVAR er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråvær og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta vår, Falck Helse. Bedriftshelseordninga omfattar målretta arbeidsrelaterte helseundersøkingar og bistand til vurdering av arbeidsmiljø og andre kartleggingar.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråvær.

### Klima og miljø

ØyVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet driv innanfor

dei krava som myndigheitene har sett, og overvakar og måler aktivitetar som kan påverke det ytre miljøet. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. Selskapet fokuserer på reduksjon av energiog vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat, blant anna gjennom arbeid med lekkasjesøk og reparasjonar av lekkasjar på leidningsnett.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnettet og sprengjer kapasiteten på leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Å gjennomføre tiltak som reduserer innlekking av regnvatn til avløpsleidningane, er eit kontinuerleg arbeid, og mykje er gjort dei siste åra.

I tillegg er nokre av dei nye bygga våre utstyrte med solcellepanel. Desse har i 2022 produsert 34 409 kWt, noko som svarer til 6% av straumforbruket på Storanipa reinseanlegg i 2022.

Selskapet er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav til kjeldesortering og har fokus på miljøvennleg drift av selskapet. Gjennom rapportering til Miljøfyrtårn og til bedreVANN, som er benchmarking for vassbransjen, får ØyVAR god oversikt over utsleppa sine og kan sjå kva område som har størst forbettringspotensial med tanke på klima og miljø.

ØyVAR legg til rette for ei effektiv og miljøvennleg kjeldesortering i kommunen. Selskapet har eit omfattande samarbeid med andre organisasjonar og frivillige om innsamling av marint avfall. Det blir lagt ned mykje arbeid i å fjerne marint avfall frå sjønære område. ØyVAR har ei viktig rolle med koordinering, innsamling og behandling av dette avfallet.

### Forskning og utvikling

Selskapet driv ikkje med eige forskings- og utviklingsarbeid, men gir generell FoU-støtte via medlemskap i Norsk Vann og Avfall Norge.

### Samfunn

Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneskerettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til leverandørane våre. Noko av det vi gjer for å sikre ansvarleg åtferd, er å

- stille krav om at selskapa er à jour med skatt og mva.
- stille krav om at leverandørane våre er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og system for helse, miljø og tryggleik
- kontrollere at allmenngjord minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgd

### Bemanning, likestilling og diskriminering

#### Personale

Selskapet har ved utgangen av året 58 tilsette: 14 kvinner og 44 menn. Gjennomsnittleg tal faste stillingar i 2022 var 48. Dette utgjorde 44 årsverk.

Pr. 31.12.2022 var gjennomsnittsalderen 46,6 år, mot 47,4 år i 2021. Selskapet har liten gjennomtrekk av tilsette. I ØyVAR skal alle ha like moglegheiter og rettar, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet og andre personlege forhold. Det er eit mål å ha eit mangfaldig personale som speglar mangfaldet i kommunen. ØyVAR har eit utstrekt samarbeid med NAV, Trigger og A2G for menneske som har behov for arbeidsrelatert tilrettelegging eller arbeidstrening. Vidare har selskapet eit samarbeid med Sotra vidaregåande skule om utplassering av elevar. I 2022 har det vore tre elevar på utplassering i ØyVAR.

### Kompetanseutvikling

ØyVAR er ei kompetansebedrift der rammevilkåra er i stadig endring. Det er derfor viktig at kompetansen i selskapet blir utvikla i takt med endringane. Som tidlegare år har tilsette også i 2022 gjennomført eksterne kurs for å møte utfordringar i dag og i framtida. I 2022 har vi hatt tilsette som har arbeidd med å ta fagbrev i vaksen alder.

ØyVAR vil halde fram med å oppmode dei tilsette til å ta fagbrev og leggje til rette for relevant kompetanseheving.

### Tilstand for kjønnslikestilling

I administrative stillingar var kvinndelen 63 % ved utgangen av 2022. I driftsavdelingane er kvinndelen 9,5 %. Delen av kvinner i leiartillingar utgjer 33 % og er uendra frå fjoråret. Kvinndelen i styret er 57 %.

Selskapet har totalt 2 tilsette i deltidsstillingar. Begge desse er menn. Kartlegging viser at ingen av desse ønskjer fulltidsstilling. Selskapet har 2 tilsette på mellombelse kontraktar. Éi kvinne og éin mann. Vidare har selskapet 10 timehjelpar. Éi av desse er kvinne.

I løpet av 2022 blei det totalt teke ut 23 veker med foreldrepermisjon i ØyVAR: 0 veker for menn og 23 veker for kvinner.

Hos ØyVAR er vi opptekne av å gi lik løn for likeverdig arbeid, og selskapet har eit kjønnsnøytralt lønssystem. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, fastsetjing av løn osv. legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som råd er. ØyVAR er medlem av *Samfunnsbedriftene og slutta til Hovedtariffavtalen for konkurranseutsatte bedrifter*.

Ved fastsetjing av løn blir dei tilsette kategoriserte i anten gruppe 1 eller gruppe 2. Gruppe 1 følgjer tariff og avtalt lønstabell for fagarbeidarar eller ufaglærte. Det er 43 tilsette i denne gruppa ved utgangen av året. Gruppe 2 gjeld dei med akademisk utdanning frå universitet eller høgskule. I denne gruppa er det 15 tilsette. Løna blir fastsett på grunnlag av real- og formalkompetansen og ansvarsområdet til arbeidstakaren.

## Lønsforskjellar 2022

Kvinner sin del av løna til menn er angitt i prosent

| Kjønnsfordeling |       | Kontantytningar     |                     |                       |         |                      | Naturalytningar                    |
|-----------------|-------|---------------------|---------------------|-----------------------|---------|----------------------|------------------------------------|
| Kvinner         | Menn  | Sum kontantytningar | Avtalt løn/ fastløn | Uregelmessige tillegg | Bonusar | Overtids-godtgjersle | Sum skattepliktige naturalytningar |
| 14,00           | 44,00 | 98%                 | 107%                | 10%                   | 0%      | 73%                  | 126%                               |

Lønsforskjellen mellom kvinner og menn er presentert på totalnivå i selskapet. Ei vidare gruppering vil ikkje oppfylle kravet om minst 5 av kvart kjønn i ei gruppe. På totalnivå ligg lønsnivået til kvinner 2 % lågare enn gjennomsnittsløna i selskapet.

Det er ingen bonusordning i ØyVAR. Uregelmessige tillegg er knytte til laurdagstillegg for helgearbeid på gjenbruksstasjonen.

### Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

→ **Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering**

- Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er blant anna inkludert i ØyVAR sin personalpolitikk, der vi skal gi moglegheit for livslang læring og utvikling. Vi skal prøve å leggje arbeidsforholda til rette for at medarbeidarane, uansett fase i livet, skal ha moglegheit til å fungere godt i arbeidet sitt.

- I leiarhandboka har vi ein eigen artikkel om kva ein utlysingstekst skal innehalde, med særleg fokus på diskrimineringsomsyn og unntaksreglane om positiv særbehandling.

- Vi har utarbeidd ein prosedyre for handtering av mobbing, trakassering og konflikthar, med eit tilhøyrande varslingsssystem.

→ **Slik jobbar vi for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i praksis**

Selskapet arbeider for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar uavhengig av funksjonsevne og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Personal- og rekrutteringspolitikken til selskapet skal spegle dette føremålet, og vi skal i størst mogleg grad leggje til rette for det ved praktisk utforming av arbeidsstader. Vidare vil selskapet halde fram med å nytte medarbeidarundersøkingar for å kartleggje og setje i verk tiltak for å førebyggje diskriminering og fremje likestilling.

Medarbeidarundersøkingar tyder på at ØyVAR er eit selskap som i stor grad gir dei tilsette rom for å bestemme over arbeidsdagen sin. Dette – kombinert med fleksitid og moglegheit for heimekontor for svært mange av dei tilsette – gjer det enklare for mange å kombinere arbeid og familieliv. I same kartlegging kjem det fram at dei tilsette i ØyVAR i svært liten grad opplever forskjellsbehandling. Ny undersøking er planlagd hausten 2023.

ØyVAR som arbeidsplass er berre delvis tilrettelagd for personar med nedsett funksjonsevne. Selskapet set i verk individuelle tilretteleggingstiltak i samarbeid med dei tilsette og bedriftshelsetenesta når behovet oppstår. I 2022 fekk vi heis og automatiske døroppnar.



## Openheitslova

ØyVAR AS fell inn under openheitslova og har 17. oktober 2022 forankra arbeidet med aktsemdsvurderingar i styret. På ØyVAR sine nettsider er dei etiske retningslinjene publiserte saman med informasjon om ØyVAR sitt arbeid med openheitslova og korleis ein kan kontakte selskapet dersom ein ønskjer innsyn i arbeidet.

ØyVAR har kartlagt verksemda, mellom anna underleverandørar og forretningskontaktar, og vurdert om det er risiko for brot på anstendige arbeidsforhold og/eller brot på menneskerettar generelt basert på kva land underleverandørar og forretningskontaktar held til i. Så langt er vurderinga at risikoen er låg. I det vidare arbeidet skal risikovurderinga utvidast med risiko for dei ulike bransjane. ØyVAR vil følgje opp utvalde leverandørar og sjekke forholda grundigare.

Dersom det blir avdekt risiko for brot på anstendige arbeidsforhold eller brot på menneskerettar generelt, vil selskapet prøve å stanse, førebyggje eller redusere negativ påverknad / skade og dessutan sørkje for eller samarbeide om gjenoppretting eller erstatning der det er påkravd.

## Økonomi

### Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2022

I året som har gått, har selskapet brukt mykje tid på å utarbeide nye rutinar og skape ei felles plattform for aktiviteten vår i heile kommunen. Eit fokusområde har vore fornying av internkontroll-systemet vårt.

Arbeidet med ny kommunedelplan for vatn og avløp er i sluttfasen, og planutkastet blei sendt ut på høyring i slutten av 2022. Planen vil vere ein viktig reiskap for å nå dei måla selskapet og kommunen har framover.

### Investeringar

I løpet av 2022 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 48,2 millionar kroner, mot 23 millionar kroner i 2021.

### Stilling og resultat for selskapet

Selskapet hadde i 2022 samla driftsinntekter på 235 millionar kroner. Av dette utgjorde inntekter frå sal av drikkevatt, reinsing av avløpsvatn og avfallsbehandling 226 millionar kroner. 9 millionar kroner var andre inntekter, i all hovudsak inntekt frå gjenvinnings-stasjonane og sal av avfall.

Samla driftskostnader var på 206 millionar kroner. Av dette utgjorde avskrivning av driftsmiddel 48 millionar kroner. Netto finanskostnader utgjorde 24 millionar kroner. Av dette utgjorde renter på lån 26 millionar kroner. Dette er ei dobling i forhold til rentekostnaden for fjoråret. Som følgje av at renteauken blei høgare enn budsjettert, har ØyVAR stramma inn vedlikehaldsutgiftene i 2022. Andre driftskostnader var på 67 millionar i 2022, mot 75 millionar i 2021. Dette medverka til at året blei gjort opp med eit overskot på 4 783 177 kroner før skatt.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde 63 millionar kroner i 2022, mot 27 millionar kroner i 2021. Pr. 31.12.2022 har selskapet ein total kapital på 1 245 millionar kroner, og av dette er 45 millionar kroner kortsiktig gjeld. Selskapet har pr. 31.12 ein eigenkapitaldel på 7,6% og ein positiv arbeidskapital på 28 millionar kroner.

Selskapet har opparbeidd seg overskotsfond for vatn, avløp og slam. Desse skal etter sjølvkostprinsippet reduserast dei nærmaste åra og er å rekne som abonnentane sine midlar. Sjølvkostområda for vatn, avløp og slam er derfor underfinansierte i 2022 som året før. På renovasjon er det eit negativt sjølvkostfond som følgje av underskot i 2020 og 2021. Underskotet er å rekne som fordring på abonnentane. Negative fond skal etter sjølvkostprinsippet framførast i sjølvkostrekneskapen til inndekking eit seinare år.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av resultatet eller stillinga til selskapet.

Etter styret si oppfatning gir den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

Det er teikna ansvarsforsikring for styremedlemmer og leiarar.

### Finans-, marknads-, kreditt- og likviditetsrisiko

ØyVAR hadde ved årsskiftet langsiktige lån på 1 088 millionar kroner. Gjelda kjem av store investeringar i infrastruktur. Dette inneber at selskapet må vere bevisst på den finansielle risikoen knytt til rentenivået.

ØyVAR blir generelt ikkje rekna for å ha stor kreditt-, likviditets- eller marknadsrisiko. Dette kjem av at selskapet tek opp lån med kommunal garanti, og dermed ikkje har problem med å ta opp nye lån til utbyggingsprosjekt. Utfordringa ligg i å fastsetje gebyr som gir ei viss førehandsinnkrevjing, men som er innanfor regelverket. Ifølgje regelverket kan overskot førast fram inntil 5 år. Hovudutfordringa er at renta i marknaden er vanskeleg å føresjå i budsjettfasen. Vidare vil andre marknadsmessige vilkår, f.eks. energiprisar, påverke gebyrgrunnlaget. I 2022 fekk ØyVAR straumstøtte frå Enova på 844 680 kroner. Straumkostnaden i 2022 enda på 9,5 millionar kroner, mot høvesvis 8,3 millionar i 2021 og 3,4 millionar i 2020.

Styret i ØyVAR AS har lagt vekt på å unngå risiko, og selskapet har derfor sikra delar av låna mot rentesvingingar ved bruk av rentesikringsinstrument med spreiding i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall. Pr. 31.12 er om lag 9 % av lånegjelda sikra med fastrente med restvarigheit på 2–8 år.


ØyVAR har over lang tid hatt eit bevisst forhold til berekraft når det gjeld både drift og nye investeringar. Investeringsstiltak der primærføremålet er å redusere klimagassutslepp eller energiforbruk, kan kvalifisere til grøne lån og dermed betre lånevilkår. Totalt har selskapet fått godkjent 344 millionar kroner som grøne lån. Restgjelda på grøne lån pr. 31.12.2022 utgjør 310 millionar kroner.

For ØyVAR som sjølvkostbedrift blir ei kalkylerente som byggjer på 5 års swaprente med eit påslag på 0,5 %, belasta gebyrgrunnlaget. Dette må sjåast opp mot selskapet sine rentekostnader knytte til lånegjeld. Lånegjeldsrentene er i hovudsak knytte til 3 månaders Nibor-rente. Kalkylerenta er normalt høgare enn lånegjeldsrentene, som i 2022 utgjorde 17 millionar kroner. Nokre år kan forholdet vere motsett. Renteoverskot i enkeltår inngår i anna opptent eigenkapital og er til bruk i år der lånerenta overstig kalkylerenta.


Likviditeten i ØyVAR er god. Ved utgangen av 2022 hadde selskapet 66 millionar kroner i bank, noko som sikrar tilstrekkeleg likviditet i starten på 2023. I 2021 innførte selskapet 6 terminar, mot 4 terminar

## Tilstand for kjønnslikestilling 2022

### Kjønnsbalanse (alle tilsette)



### Kjønnsbalanse pr avdeling




### Mellombelse tilsette




### Deltid

(Fast deltid + ekstrahjelp)



### Foreldrepermisjon

(i gjennomsnitt antal veker)





tidlegare år. Dette grepet sikra betre likviditet i selskapet, og vi ser også ei forbetring i kredittida på kundefordringar.

#### Vidare drift

Årsrekneskapen for 2022 er sett opp under føresetnad om at drifta skal halde fram. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for vidare drift er til stades. Til grunn for vurderinga ligg årsrekneskapen for 2022.

#### Økonomisk resultat og styret sitt framlegg til disponering

Selskapet sitt økonomiske resultat etter skatt for 2022 blei eit overskot på 4 645 214 kroner. ØyVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren.

Styret vil gjere framlegg om at overskotet i 2022 blir ført mot sjølvkostfond og eigenkapital. Den opptente eigenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på 43 716 688 kroner. Netto bokført eigenkapital er på 94 426 339 kroner pr. 31.12.2022.

#### Vegen vidare

I samband med pandemien har administrasjonen teke i bruk planverktøy og sett i verk ei rekkje tiltak for å sikre levering av selskapet sine samfunnskritiske tenester.

I samband med kommunesamanslåinga er det viktig for selskapet å få oversikt over alle anlegg og sikre overføring av kunnskap om desse. Dette vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet med ny kommunedelplan for vatn og avløp. Eit av dei viktigaste tiltaka framover må vere å knyte saman dei 5 vassverka i kommunen og auke leveringssikkerheita i vassforsyninga.

Sotrasambandet vil krevje mykje av selskapet dei neste åra, sidan ein stor del av arbeidet skal skje parallelt med eksisterande vass- og avløpsleidningar. Også ny jordkabel (straum) frå Solsvik til nordre Blomvåg vil krevje ressursar frå selskapet.

#### Takk til dei tilsette

Styret ønskjer å rette ein stor takk til alle tilsette for god innsats. Det er dagleg lagt ned målretta arbeid som er avgjerande for at vi skal kunne levere gode og trygge VARTenester i kommunen. For å drive ØyVAR framover som samfunnsaktør og miljøbedrift er vi avhengige av motiverte, dyktige og endringsvillige medarbeidarar i det viktige arbeidet dei gjer.

Straume, 24. april 2023



Børge Haugetun  
styreleiar



Ingvill Kvalsnes Blom  
nestleiar



Tonje Tangen Alvsvåg  
styremedlem



Liv Trellevik  
styremedlem



Tommy Angeltveit  
styremedlem



Catherine Østervold  
styremedlem



Ketil Christensen  
styremedlem



Bjarne Ulvestad  
administrerande direktør





## Resultatrekneskap

## Balanse pr. 31. desember

|                                                  | Note  | 2022               | 2021               |
|--------------------------------------------------|-------|--------------------|--------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                           |       |                    |                    |
| Kommunale årsgebyr og tilknytningsgebyr          |       | 225 559 670        | 212 078 546        |
| Andre driftsinntekter                            |       | 9 529 710          | 9 014 813          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                       |       | <b>235 089 380</b> | <b>221 093 359</b> |
| <b>Driftskostnader</b>                           |       |                    |                    |
| Varekostnader                                    |       | 49 273 942         | 45 886 967         |
| Lønskostnader                                    | 2,3   | 41 301 993         | 42 990 854         |
| Avskrivning                                      | 4     | 48 310 289         | 47 011 367         |
| Andre driftskostnader                            | 2     | 67 365 245         | 74 937 197         |
| <b>Sum driftskostnader</b>                       |       | <b>206 251 469</b> | <b>210 826 385</b> |
| Driftsresultat                                   |       | 28 837 911         | 10 266 974         |
| <b>Finansinntekter og finanskostnader</b>        |       |                    |                    |
| Andre renteinntekter                             |       | 2 143 572          | 973 924            |
| Andre finansinntekter                            |       | 3 118              | 803                |
| Andre rentekostnader                             | 6,10  | 26 187 033         | 13 087 186         |
| Andre finanskostnader                            |       | 14 391             | 30                 |
| <b>Netto finans</b>                              |       | <b>-24 054 734</b> | <b>-12 112 489</b> |
| Ordinært resultat før skattekostnad              |       | 4 783 177          | -1 845 515         |
| Skattekostnad på ordinært resultat               | 11    | 137 963            | 161 248            |
| <b>Årsresultat</b>                               |       | <b>4 645 214</b>   | <b>-2 006 763</b>  |
| <b>Overføringer og disponeringar</b>             |       |                    |                    |
| Overføring til annan egenkapital                 | 12,14 | 21 408 345         | 14 739 198         |
| Overføring til/frå annan egenkapital             | 12,14 | -9 656             | 356 446            |
| Sjølvkostresultat overført til/frå sjølvkostfond | 14    | -16 753 475        | -17 102 407        |
| <b>Sum overføringer</b>                          |       | <b>4 645 214</b>   | <b>-2 006 763</b>  |

|                                                        | Note  | 2022                 | 2021                 |
|--------------------------------------------------------|-------|----------------------|----------------------|
| <b>Anleggsmiddel</b>                                   |       |                      |                      |
| <b>Immaterielle eignelutar</b>                         |       |                      |                      |
| Heimeside                                              | 4     | 19 730               | 45 379               |
| <b>Sum immaterielle eignelutar</b>                     |       | <b>19 730</b>        | <b>45 379</b>        |
| <b>Varige driftsmiddel</b>                             |       |                      |                      |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom                | 4     | 13 778 471           | 10 881 597           |
| Anlegg i drift                                         | 4     | 1 108 694 279        | 1 131 344 033        |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l. | 4     | 11 701 529           | 9 027 989            |
| Anlegg under utbygging                                 | 4     | 28 594 680           | 11 565 032           |
| <b>Sum varige driftsmiddel</b>                         |       | <b>1 162 768 959</b> | <b>1 162 818 650</b> |
| <b>Finansielle anleggsmiddel</b>                       |       |                      |                      |
| Innskot i KLP                                          | 3     | 867 205              | 781 332              |
| Sjølvkostfond                                          | 12,14 | 8 003 510            | 9 356 247            |
| <b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>                   |       | <b>8 870 715</b>     | <b>10 137 579</b>    |
| <b>Sum anleggsmiddel</b>                               |       | <b>1 171 659 404</b> | <b>1 173 001 608</b> |
| <b>Omløpsmiddel</b>                                    |       |                      |                      |
| Varer                                                  |       | 1 040 114            | 273 359              |
| <b>Fordringar</b>                                      |       |                      |                      |
| Kundefordringar                                        | 8     | 4 445 286            | 9 970 758            |
| Forskotsbetalte kostnader og andre fordringar          |       | 1 987 131            | 1 414 806            |
| <b>Sum fordringar</b>                                  |       | <b>6 432 417</b>     | <b>11 385 564</b>    |
| Bankinnskot, kontantar og liknande                     | 9     | 65 560 125           | 92 801 525           |
| <b>Sum omløpsmiddel</b>                                |       | <b>73 032 656</b>    | <b>104 460 448</b>   |
| <b>Sum eignelutar</b>                                  |       | <b>1 244 692 060</b> | <b>1 277 462 056</b> |



## Kontantstraumoppstilling

|                                        | Note  | 2022                 | 2021                 |
|----------------------------------------|-------|----------------------|----------------------|
| <b>Eigenkapital</b>                    |       |                      |                      |
| <b>Innskoten eigenkapital</b>          |       |                      |                      |
| Aksjekapital                           | 12,13 | 10 000 000           | 10 000 000           |
| Overkurs                               | 12,13 | 25 000 000           | 25 000 000           |
| Annan innskoten eigenkapital           | 12,13 | 15 709 651           | 15 709 651           |
| <b>Sum innskoten eigenkapital</b>      |       | <b>50 709 651</b>    | <b>50 709 651</b>    |
| <b>Opptent eigenkapital</b>            |       |                      |                      |
| Annan eigenkapital                     | 12    | 43 716 688           | 22 317 999           |
| <b>Sum opptent eigenkapital</b>        |       | <b>43 716 688</b>    | <b>22 317 999</b>    |
| <b>Sum eigenkapital</b>                |       | <b>94 426 339</b>    | <b>73 027 650</b>    |
| <b>Gjeld</b>                           |       |                      |                      |
| <b>Avsetjing for forpliktingar</b>     |       |                      |                      |
| Pensjonsforplikting                    | 3     | 8 495 951            | 8 885 109            |
| Sjølvcostfond                          | 14    | 8 493 223            | 26 599 434           |
| <b>Sum avsetjing for forpliktingar</b> |       | <b>16 989 174</b>    | <b>35 484 543</b>    |
| <b>Anna langsiktig gjeld</b>           |       |                      |                      |
| Gjeld til kredittinstitusjonar         | 5,6   | 1 088 050 506        | 1 129 729 758        |
| <b>Sum anna langsiktig gjeld</b>       |       | <b>1 088 050 506</b> | <b>1 129 729 758</b> |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>                |       |                      |                      |
| Leverandørgjeld                        | 7     | 22 751 739           | 19 292 835           |
| Skatt til betaling                     | 11    | 137 963              | 161 248              |
| Skuldig offentlege avgifter            |       | 5 490 181            | 5 175 695            |
| Anna kortsiktig gjeld                  | 10    | 16 846 159           | 14 590 328           |
| <b>Sum kortsiktig gjeld</b>            |       | <b>45 226 041</b>    | <b>39 220 105</b>    |
| <b>Sum gjeld</b>                       |       | <b>1 150 265 721</b> | <b>1 204 434 406</b> |
| <b>Sum eigenkapital og gjeld</b>       |       | <b>1 244 692 060</b> | <b>1 277 462 056</b> |

Straume, 24. april 2023



Børge Haugetun  
styreleiar



Ingvill Kvalsnes Blom  
nestleiar



Tonje Tangen Alvsvåg  
styremedlem



Liv Trellevik  
styremedlem



Tommy Angeltveit  
styremedlem



Catherine Østervold  
styremedlem



Ketil Christensen  
styremedlem



Bjarne Ulvestad  
administrerende direktør

|                                                         | Note | 2022               | 2021               |
|---------------------------------------------------------|------|--------------------|--------------------|
| <b>Kontantstraum frå drifta</b>                         |      |                    |                    |
| Resultat før skattekostnad                              |      | 4 783 177          | -1 845 515         |
| Betalt skatt i perioden                                 | 11   | -161 248           | -                  |
| Ordinære avskrivningar                                  | 4    | 48 310 289         | 47 011 367         |
| Endring i varer                                         |      | -766 755           | 293 791            |
| Endring i kundefordringar                               |      | 5 525 472          | -2 648 893         |
| Endring i leverandørgjeld                               |      | 3 458 904          | -17 627 234        |
| Forskjell i pensjonsmidlar/-forpliktingar               | 3    | -389 158           | 1 134 983          |
| Endring i andre tidsavgrensingspostar                   | 8,1  | 2 002 789          | 1 013 060          |
| <b>Netto kontantstraum frå drifta</b>                   |      | <b>62 763 470</b>  | <b>27 331 559</b>  |
| <b>Kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>        |      |                    |                    |
| Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmiddel           | 4    | -48 239 745        | -22 996 848        |
| Innbetalningar ved sal av varige driftsmiddel           |      |                    | 350 000            |
| Ut-/innbetalningar ved kjøp av aksjar og partar         |      | -85 873            | -73 283            |
| <b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>  |      | <b>-48 325 618</b> | <b>-22 720 131</b> |
| <b>Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>       |      |                    |                    |
| Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld           |      |                    | 244 000 000        |
| Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld       |      | -41 679 252        | -35 829 546        |
| Endring i kortsiktig gjeld frå kjøp av driftsmiddel     |      |                    | -184 401 865       |
| <b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b> |      | <b>-41 679 252</b> | <b>23 768 589</b>  |
| <b>Netto endring i likvidar i året</b>                  |      | <b>-27 241 400</b> | <b>28 380 017</b>  |
| Kontantar og bankinnskot pr. 01.01                      |      | 92 801 525         | 64 421 509         |
| <b>Kontantar og bankinnskot pr. 31.12</b>               |      | <b>65 560 125</b>  | <b>92 801 525</b>  |



Notar

Note 1  
Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

**Sjølvkostfond**  
ØyVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Selskapet har derfor valt å synleggjere opptente midlar knytte til sjølvkostverksemda som eit sjølvkostfond, sidan dette er forskotsbetalingar frå kundane. For lite innbetalt frå kundane blir synleggjort som ei fordring.

**Salsinntekter**  
Frå 1. oktober 2014 overtok ØyVAR AS ansvaret for utfakturering av dei kommunale vass-, avløps- og renovasjonsgebyra. Årsgebyr blir rekna inn over abonnementsperioden. Kundar som nyttar vassmålar, blir fakturerte a konto seks gonger, med endeleg avrekning på slutten av året etter faktisk forbruk. Tilknytingsgebyr blir inntektsførte i det året tilknyttinga skjer. ØyVAR AS har sikra sine krav gjennom legalpant i dei respektive eigedomane.

Sal av andre varer blir inntektsført på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir utførte.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eignelutar og gjeld**  
Eignelutar som er bestemte til varig eige eller bruk i verksemda, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eignelutar er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast tilbake innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagde til grunn.

Anleggsmiddel blir vurderte til kost, men nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta å ikkje vere forbigåande. Langsiktige lån blir balanseførte til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Omløpsmiddel blir vurderte til den lågaste verdien av kost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført som nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

**Fordringar**  
Kundekrav og andre krav er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av en bloc-avsetjing på 2% av fordringsmassen.

Spesifikke fordringar blir nedskrivne når leiinga meiner at dei ikkje kan drivast inn heilt eller delvis.

**Varebeholdning**  
Lager av innkjøpte varer er verdsett til den lågaste verdien av anskaffingskost og verkeleg verdi. Anskaffingskost blir vurdert etter FIFO-prinsippet.

**Varige driftsmiddel**  
Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over driftsmiddelet si økonomiske levetid dersom levetida er over 3 år. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført etter kvart som det blir utført, medan påkostnad eller forbetring blir lagt til kostprisen på driftsmiddelet

og avskriven over resterande økonomisk levetid. Utgifter til forskning og utvikling blir resultatførte når dei oppstår. Avskrivingar følgjer ein lineær avskrivingsplan.

**Pensjonar**  
Verksemda har kollektiv (felles) pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) for dei tilsette. I samband med fusjonen med Sund VA har selskapet også overteke pensjonsordninga i Nordea for eit fåtal tilsette. Ordninga i KLP inkluderer også tariffesta AFP-ordning frå fylte 62 år. Ordningane er ytingsplanar, dvs. at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Dei tilsette betaler premie tilsvarande 2% av løna, og selskapet betaler resten av premien. Dei ytingsbaserte pensjonsordningane blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytingane som er rekneskapsmessig opptente på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi.

Endringar i ytingsbaserte pensjonsforpliktingar som kjem av endringar i pensjonsplanar, blir fordelte over anteken gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Akkumulert verknad av estimatendringar og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinstar og tap) under 10% av det som er størst av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane ved starten av året, blir ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verkna-den er over 10%-grensa ved starten av året, blir det overskytande resultatført over anteken gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Periodens netto pensjonskostnad blir klassifisert som løns- og per-sonalkostnader.

**Skatt**  
ØyVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Eit eventuelt overskot i verksemda skal berre nyttast til å realisere selskapet sitt ideelle føremål. På bakgrunn av dette har Skatt Vest etter ei samla vurdering komme til at selskapet ikkje har erverv til føremål med noverande verksemd, og at det derfor skal fritakast for formues- og inntektsskatt.

Etter lovendring av 01.07.2004 skjer handtering av avfall frå bedrifts-kundar i fri konkurranse med andre aktørar. ØyVAR AS er ikkje lov-pålagt å gi eit renovasjonstilbod til slike kundar, og lova krev ikkje at denne tenesta skal drivast etter sjølvkostprinsippet. Likningskontoret har bede om at det blir levert skattemelding for denne delen av verksemda. ØyVAR AS betaler derfor skatt berre av netto inntekter relaterte til handtering av avfall frå bedriftskundar. Skattepliktig resultat avvik dermed frå det ordinære resultatet til heile selskapet.

**Kontantstraumoppstilling**  
Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

Note 2  
Løn, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

| Lønskostnader                                           | 2022              | 2021                    |                         |
|---------------------------------------------------------|-------------------|-------------------------|-------------------------|
| <b>Løn</b>                                              | 30 135 826        | 32 058 720              |                         |
| Arbeidsgivaravgift                                      | 5 398 027         | 5 252 584               |                         |
| Pensjonskostnader ekskl. arbeidsgivaravgift og adm.     | 5 082 907         | 5 027 601               |                         |
| Andre ytingar                                           | 685 233           | 651 949                 |                         |
| <b>Sum</b>                                              | <b>41 301 993</b> | <b>42 990 854</b>       |                         |
| Gjennomsnittleg tal årsverk sysselsett i rekneskapsåret | 47,75             | 46,30                   |                         |
| Ytingar til leiande personar:                           |                   |                         |                         |
|                                                         | <b>Løn</b>        | <b>Pensjonsutgifter</b> | <b>Anna godtgjersle</b> |
| Dagleg leiar                                            | 1 351 491         | 27 578                  | 9 698                   |
| Styrehonorar                                            | 261 300           |                         |                         |
| <b>Godtgjersle til revisor er fordelt på følgjande:</b> |                   |                         |                         |
| Lovpålagt revisjon                                      |                   | 243 500                 | 191 350                 |
| Andre revisjonsrelaterte tenester                       |                   | 58 950                  | 126 400                 |
| Teknisk utarbeiding av rekneskap og likning             |                   | 49 000                  | 60 300                  |
| <b>Sum</b>                                              |                   | <b>351 450</b>          | <b>378 050</b>          |

Meirverdiavgift er ikkje inkludert i revisjonshonoraret.





Note 3  
Pensjonar

Verksemda pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova.

Verksemda har pensjonsordningar som omfattar alle tilsette i selskapet. Pr. 31.12.22 omfattar pensjonsordninga 57 aktive tilsette, inkludert vikarar og deltidstilsette, 18 pensjonar og 31 med oppsette rettar. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er i hovudsak dekt gjennom Kommunal Landspensjonskasse (KLP), men i samband med fusjonen med Sund VA har verksemda overteke ordninga i Nordea som gjeld for eit fåtal tilsette.

| Kommunal Landspensjonskasse (KLP)          | 2022       | 2021       |
|--------------------------------------------|------------|------------|
| Noverdi av årets pensjonsopptening         | 6 042 359  | 5 467 189  |
| Rentekostnad av pensjonsforpliktinga       | 1 063 427  | 833 146    |
| Avkasting på pensjonsmidlane               | -1 657 374 | -1 193 495 |
| Administrasjonskostnader                   | 163 090    | 161 398    |
| Arbeidsgivaravgift                         | 791 222    | 742 822    |
| Netto pensjonskostnad                      | 6 402 724  | 6 011 060  |
| Opptente pensjonsforpliktingar             | 56 160 321 | 50 546 997 |
| Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)         | 48 552 262 | 42 773 428 |
| Arbeidsgivaravgift                         | 1 072 736  | 1 096 073  |
| Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik | -44 632    | -425 734   |
| Netto pensjonsforplikting                  | 8 636 163  | 8 443 908  |
| Økonomiske føresetnader:                   |            |            |
| Diskonteringsrente                         | 3,00%      | 1,90 %     |
| Forventa lønsvekst                         | 3,50%      | 2,75 %     |
| Forventa G-regulering                      | 3,25%      | 2,50 %     |
| Forventa pensjonsregulering                | 2,63%      | 1,73 %     |
| Forventa avkasting                         | 5,20%      | 3,70 %     |

| Nordea                                     | 2022      | 2021      |
|--------------------------------------------|-----------|-----------|
| Noverdi av årets pensjonsopptening         | 324 762   | 339 717   |
| Rentekostnad av pensjonsforpliktinga       | 138 926   | 124 136   |
| Avkasting på pensjonsmidlane               | -299 010  | -172 804  |
| Administrasjonskostnader                   | 175 000   | 152 000   |
| Arbeidsgivaravgift                         | 5 455     | 62 470    |
| Resultatført estimatavvik                  |           | 128 497   |
| Netto pensjonskostnad                      | 345 133   | 634 016   |
| Opptente pensjonsforpliktingar             | 7 997 399 | 7 349 409 |
| Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)         | 8 724 000 | 8 187 000 |
| Arbeidsgivaravgift                         | -         | -         |
| Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik | 586 389   | 396 390   |
| Netto pensjonsforplikting (midlar)         | -140 212  | -441 201  |
| Økonomiske føresetnader:                   |           |           |
| Diskonteringsrente                         | 3,00 %    | 1,90 %    |
| Forventa lønsvekst                         | 3,50 %    | 2,75 %    |
| Forventa G-regulering                      | 3,25 %    | 2,50 %    |
| Forventa pensjonsregulering                | 1,50 %    | 0,00 %    |
| Forventa avkasting                         | 5,20 %    | 3,70 %    |

Dei aktuarmessige føresetnadene er baserte på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

|                           |         |
|---------------------------|---------|
| Eigenkapitaltilskot i KLP | Sum     |
| Bokført innskot 31.12.21  | 781 332 |
| Eigenkapitalinnskot 2022  | 85 873  |
| Bokført innskot 31.12.22  | 867 205 |



**Note 4**  
Varige driftsmiddel og immaterielle eignelutar

| Varige driftsmiddel                           | Tomter, bygningar og annan fast eigedom | Anlegg i drift       | Anlegg under utbygging | Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l. | Sum                  |
|-----------------------------------------------|-----------------------------------------|----------------------|------------------------|--------------------------------------------------------|----------------------|
| <b>Anskaffingskost 01.01.22</b>               | 11 436 797                              | 1 408 752 867        | 11 682 127             | 29 065 958                                             | 1 460 937 747        |
| Tilgang i året                                | 3 070 922                               | 3 778 213            | 35 850 887             | 5 539 723                                              | 48 239 745           |
| Overføring                                    |                                         | 18 821 239           | -18 821 239            |                                                        | -                    |
| Avgang i året                                 |                                         |                      |                        | -19 187                                                | -19 187              |
| <b>Anskaffingskost 31.12.22</b>               | <b>14 507 719</b>                       | <b>1 431 352 319</b> | <b>28 711 775</b>      | <b>34 586 494</b>                                      | <b>1 509 158 305</b> |
| Akk. av- og nedskriving pr. 01.01.2022        | -555 199                                | -277 408 834         | -117 095               | -20 023 580                                            | -298 104 708         |
| Årets ordinære avskriving                     | -174 048                                | -45 249 206          |                        | -2 861 386                                             | -48 284 640          |
| <b>Akk. av- og nedskriving pr. 31.12.2022</b> | <b>-729 247</b>                         | <b>-322 658 040</b>  | <b>-117 095</b>        | <b>-22 884 966</b>                                     | <b>-346 389 348</b>  |
| <b>Bokført verdi pr. 31.12.2022</b>           | <b>13 778 472</b>                       | <b>1 108 694 279</b> | <b>28 594 680</b>      | <b>11 701 528</b>                                      | <b>1 162 768 959</b> |
| <b>Bokført verdi pr. 01.01.2022</b>           | <b>10 881 597</b>                       | <b>1 131 344 033</b> | <b>11 565 032</b>      | <b>9 027 988</b>                                       | <b>1 162 818 650</b> |
| Økonomisk levetid                             | 10 år*                                  | 20–40 år             |                        | 3–5 år                                                 |                      |
| Avskrivingsplan                               | Lineær                                  | Lineær               |                        | Lineær                                                 |                      |

\* Tomter er bokførte til kr 10 106 698 og blir ikkje avskrivne.

|                                               |                  |                |
|-----------------------------------------------|------------------|----------------|
| <b>Immaterielle eignelutar</b>                | <b>Heimeside</b> | <b>Sum</b>     |
| Anskaffingskost 01.01.22                      | 49 505           | 49 505         |
| <b>Anskaffingskost 31.12.22</b>               | <b>49 505</b>    | <b>49 505</b>  |
| Akk. av- og nedskriving pr. 01.01.2022        | -4 126           | -4 126         |
| Årets ordinære avskriving                     | -25 649          | -25 649        |
| <b>Akk. av- og nedskriving pr. 31.12.2022</b> | <b>-29 775</b>   | <b>-29 775</b> |
| <b>Bokført verdi pr. 31.12.2022</b>           | <b>19 730</b>    | <b>19 730</b>  |
| <b>Bokført verdi pr. 01.01.2022</b>           | <b>45 379</b>    | <b>45 379</b>  |
| Økonomisk levetid                             | 5 år             |                |
| Avskrivingsplan                               | Lineær           |                |

**Note 5**  
Gjeld som forfell meir enn 5 år etter rekneskapsårets slutt

|                             | 2022               | 2021               |
|-----------------------------|--------------------|--------------------|
| Kommunal Landspensjonskasse | 752 268 080        | 788 977 404        |
| Kommunalbanken Norge        | 122 700 030        | 131 310 550        |
| Nordea (frå Sund VA)        | 4 686 136          | 5 683 138          |
| <b>Sum</b>                  | <b>879 654 246</b> | <b>925 971 092</b> |

ØyVAR sine lån er tekne opp som serielån med resterande tid 10–40 år. Dei er dessutan fullt ut sikra med sjølvskuldnarkausjon frå Øygarden kommune.

Selskapet har inngått avtale om rentesikring for delar av sine lån. Rentesikringa er eit ledd i selskapet sitt ønske om føreseielege rentebetalningar for å hindre store resultatutslag som følgje av rentesvingingar, og for å redusere risikoen knytt til låna.

Estimert negativ marknadsverdi av rentesikringsavtalen pr. 31.12.2022 er vist nedanfor.

|            | Handelsdato | Betal/ta imot – kurs | Hovudstol  | Forfallsdato | Marknadsverdi 31.12.2022 |
|------------|-------------|----------------------|------------|--------------|--------------------------|
| Renteswap  | 03.12.2009  | Ta imot 0,62 %       | 33 600 000 | 08.04.2024   | 1 561 243                |
| Renteswap  | 03.12.2009  | Betal 4,97 %         | 3 360 000  | 08.04.2024   | -2 361 174               |
| Renteswap  | 12.06.2020  | Ta imot 0,83 %       | 8 009 476  | 03.03.2025   | 530 541                  |
| Renteswap  | 12.06.2020  | Betal 1,93 %         | 8 009 476  | 03.03.2025   | -311 364                 |
| Renteswap  | 03.12.2009  | Ta imot 0,55 %       | 55 221 294 | 31.12.2030   | 8 690 459                |
| <b>Sum</b> |             |                      |            |              | <b>-5 290 592</b>        |

**Note 6**  
Pantegarantiar

Eigaren av selskapet, Øygarden kommune, har stilt kommunal garanti for totalt 8 lån. Sum av opphavleg låneopptak er kr 1 295 611 777, der restlån pr. 31.12.2022 er kr 1 088 050 506.

**Note 7**  
Mellomvære med ØyVAR AS

|                              | 2022        | 2021        |
|------------------------------|-------------|-------------|
| <b>Kundefordringar</b>       | <b>2022</b> | <b>2021</b> |
| Øygarden kommune             | 265 338     | 235 506     |
| <b>Leverandørgjeld</b>       |             |             |
| Øygarden kommune             | 29 780      | 156 952     |
| <b>Anna kortsiktig gjeld</b> |             |             |
| Øygarden kommune             |             |             |
| <b>Tenestekjøp</b>           |             |             |
| Øygarden kommune (utan mva.) | 1 443 903   | 879 534     |
| <b>Tenestesalg</b>           |             |             |
| Øygarden kommune (utan mva.) | 9 952 930   | 9 350 299   |



**Note 8**  
Kundefordringar

|                                      | 2022             | 2021             |
|--------------------------------------|------------------|------------------|
| Kundefordringar                      | 4 510 286        | 10 125 758       |
| Opptente, ikkje-fakturerte inntekter | -                | -                |
| En bloc-avsetjing for forventta tap  | -65 000          | -155 000         |
| <b>Sum</b>                           | <b>4 445 286</b> | <b>9 970 758</b> |

**Note 9**  
Bankinnskot

|                                                                       | 2022      | 2021      |
|-----------------------------------------------------------------------|-----------|-----------|
| Av selskapet sine bankinnskot er følgjande bundne skattetrekksmidlar: |           |           |
| Bundne skattetrekksmidlar                                             | 1 622 078 | 1 627 828 |

**Note 10**  
Avsetjing for forpliktingar og anna kortsiktig gjeld

|                            | 2022              | 2021              |
|----------------------------|-------------------|-------------------|
| Utsett inntekt             | 4 999 892         | 3 500 000         |
| Skuldig løn og feriepengar | 3 800 519         | 3 721 151         |
| Påkomne renter             | 6 692 854         | 2 260 872         |
| Andre påkomne kostnader    | 1 352 894         | 5 108 304         |
| <b>Sum</b>                 | <b>16 846 159</b> | <b>11 090 326</b> |

**Note 11**  
Skatt

Verksemda har i hovudsak skattefritak (sjå rekneskapsprinsipp om skatt i note 1).

Skattepliktig resultat er berre resultat for den skattepliktige delen av verksemda. Det er derfor ikkje direkte samsvar mellom ordinært resultat i rekneskapen og i skattenoten.

| Årets skattekostnad               | 2022           | 2021           |
|-----------------------------------|----------------|----------------|
| Skatt til betaling                | 137 963        | 161 248        |
| <b>Årets totale skattekostnad</b> | <b>137 963</b> | <b>161 248</b> |

**Berekning av årets skattegrunnlag:**

|                                     |                |                |
|-------------------------------------|----------------|----------------|
| Ordinært resultat før skattekostnad | 128 307        | 517 694        |
| Permanente forskjellar              | 521 924        | 147 699        |
| Endring i mellombelse forskjellar   | -23 126        | 67 554         |
| <b>Årets skattegrunnlag</b>         | <b>627 105</b> | <b>732 946</b> |

|                                                   |                |                |
|---------------------------------------------------|----------------|----------------|
| Skatt til betaling (22 %) av årets skattegrunnlag | 137 963        | 161 248        |
| <b>Sum skatt til betaling</b>                     | <b>137 963</b> | <b>161 248</b> |

**Oversikt over mellombelse forskjellar:**

|                                                |                 |                 |
|------------------------------------------------|-----------------|-----------------|
| Netto pensjonsforplikting ført i balansen      | -283 276        | -306 402        |
| <b>Netto mellombelse forskjellar pr. 31.12</b> | <b>-283 276</b> | <b>-306 402</b> |
| Utsett skattefordel, 22 %                      | -62 321         | -67 408         |

Utsett skattefordel er ikkje balanseført.

**Note 12**  
Eigenkapital

|                                    | Aksjekapital      | Overkurs          | Annan innskoten eigenkapital | Annan eigenkapital | Sum               |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|--------------------|-------------------|
| Eigenkapital pr. 01.01.22          | 10 000 000        | 25 000 000        | 15 709 651                   | 22 317 999         | 73 027 650        |
| Årsresultat renovasjon næring      | -                 | -                 | -                            | -9 656             | -9 656            |
| Årsresultat annan næring           | -                 | -                 | -                            | 21 408 345         | 21 408 345        |
| <b>Eigenkapital pr. 31.12.2022</b> | <b>10 000 000</b> | <b>25 000 000</b> | <b>15 709 651</b>            | <b>43 716 688</b>  | <b>94 426 339</b> |

**Note 13**  
Aksjekapital og aksjonærinformasjon

|                                  |            |                  |                    |
|----------------------------------|------------|------------------|--------------------|
| <b>Aksjekapitalen består av:</b> | <b>Tal</b> | <b>Pålydande</b> | <b>Balanseført</b> |
| Ordinære aksjar                  | 10 000     | 1 000,-          | 10 000 000         |

|                                             |                        |                  |                   |
|---------------------------------------------|------------------------|------------------|-------------------|
| <b>Aksjonærer i selskapet pr. 31.12.22:</b> | <b>Ordinære aksjar</b> | <b>Eigarpart</b> | <b>Stemmerett</b> |
| Øygarden kommune                            | 10 000                 | 100 %            | 100 %             |



Note 14  
Sjølvkostrekneskap

ØyVAR AS fører sin selskapsrekneskap etter lov om årsregnskap m.v. Grunnlaget for sjølvkostkalkylane til ØyVAR AS vil vere rekneskapsførte inntekter og kostnader ifølgje reglane i rekneskapslova. Etterkalkylen er basert på eit samandrag av rekneskapsuttrekk frå selskapsrekneskapen. Kalkylen inkluderer også eventuelle forskjellar i periodisering og årets finansielle resultat. Men forskjellar skal tilbakeførast over 5 år. ØyVAR AS forventar at avløpsfondet blir redusert dei kommande åra, då det er planlagt større vedlikehald og investeringar knytte til avløpsavdelinga. Selskapet nyttar kalkylerenter i 2022. Bruk av kalkylerente i staden for faktisk rente kan skape problem, fordi det over tid blir ulik rente mellom sjølvkostrekneskapen og rekneskapen ifølgje reglane i rekneskapslova.

Kva er sjølvkost?

Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnader med å yte tenestene skal dekkjast av gebyr som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer, må kommunen etter kvart rekneskapsår utarbeide ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avvik frå kommunen sin ordinære driftsrekneskap og vil ikkje vere direkte samanliknbare.

I sjølvkostkalkylen til ØyVAR AS inngår ikkje rekneskapsmessige avskrivingar eller renteinntekter eller -kostnader knytte til finansiering. I staden blir det berekna kalkulatoriske kapitalkostnader.

Kalkulatoriske kapitalkostnader:

Ved berekning av kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivingar og renter) skal framandfinansiering trekkjast ut av berekningsgrunnlaget. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i driftsrekneskapen til ØyVAR,


men representerer ei alternativ avkasting som ØyVAR går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmiddel. Den kalkulatoriske rentekostnaden blir berekna med utgangspunkt i restavskrivingsverdien til anleggsmidla og ei kalkylerente. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swaprente + 1/2 prosentpoeng. I 2022 var denne lik 3,54 %.

Indirekte driftsutgifter og handtering av over- og underskot:

Sjølvkostforskrifta fastset reglar for kva kostnader som kan inngå i gebyrgrunnlaget. Vidare er det bestemt at eventuelle overskot skal setjast av til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkeltår skal tilbakeførast til brukarane i form av lågare gebyr i løpet av ein femårsperiode. Ein generasjon brukarar skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tenestene som blir ytte i dag, skal dekkjast av dei brukarane som dreg nytte av tenesta. Dette inneber at dersom kommunen ved ØyVAR AS har overskot som er eldre enn fire år, må heile overskotet gå til reduksjon av gebyra i kommande budsjettår. For eksempel må eit overskot som stammar frå 2022, i sin heilskap vere disponert innan 2027.

Krav om utarbeiding av kalkylar:

I tillegg til å utarbeide ein etterkalkyle for kvar betalingsteneste må kommunen utarbeide forkalkylar i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylane gir grunnlaget for gebyrsatsane til kommunen. Ved budsjettering er det ei rekkje usikre faktorar, blant anna framtidig kalkylerente, utvikling av tal brukarar og generell etterspurnad. I tillegg til å overhalde generasjonsprinsippet bør kommunen ha eit mål om minst mogleg svingingar i dei kommunale gebyra. Resultatet for 2022 var ikkje kjent ved budsjettarbeidet i fjor haust. Dette fører til avvik mellom prognosar i budsjettet for 2023 og etterkalkylen for 2022.



Etterkalkyle sjølvkost 2022:

|                                                                         | Totalt             | Vatn              | Avløp              | Slam              | Kontroll av og tilsyn med private avløpsanlegg | Renovasjon        | Renovasjon næring | Kommunalt næringsavfall |
|-------------------------------------------------------------------------|--------------------|-------------------|--------------------|-------------------|------------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------------|
| Gebyrinntekter                                                          | 225 746 594        | 88 866 846        | 73 465 199         | 6 001 762         | 271 102                                        | 51 169 709        | 3 050 375         | 2 921 601               |
| Andre driftsinntekter                                                   | 8 212 087          | 153 147           | 117 947            | 0                 | 0                                              | 6 581 808         | 1 087 472         | 271 713                 |
| <b>Driftsinntekter</b>                                                  | <b>233 958 681</b> | <b>89 019 993</b> | <b>73 583 146</b>  | <b>6 001 762</b>  | <b>271 102</b>                                 | <b>57 751 517</b> | <b>4 137 847</b>  | <b>3 193 314</b>        |
| Direkte driftsutgifter                                                  | 135 523 150        | 40 677 852        | 35 844 432         | 5 866 958         | 266 477                                        | 47 068 725        | 3 284 711         | 2 513 995               |
| Avskrivingskostnad                                                      | 51 640 148         | 25 303 415        | 23 969 566         | 0                 | 0                                              | 2 288 026         | 65 701            | 13 440                  |
| Kalkulatorisk rente (3,54 %) / faktisk del av rentekostnader for næring | 40 573 008         | 16 559 173        | 22 751 530         | 0                 | 0                                              | 1 205 069         | 44 380            | 12 856                  |
| Indirekte netto driftsutgifter                                          | 21 079 573         | 7 430 057         | 6 159 017          | 1 380 536         | 24 494                                         | 4 916 314         | 541 311           | 627 845                 |
| Indirekte avskrivingskostnad                                            | 1 297 881          | 472 354           | 407 166            | 42 555            | 1 166                                          | 319 246           | 37 530            | 17 864                  |
| Indirekte kalkulatorisk rente (3,54 %)                                  | 779 965            | 232 670           | 206 748            | 16 744            | 478                                            | 280 106           | 35 905            | 7 314                   |
| <b>Driftskostnader</b>                                                  | <b>250 893 724</b> | <b>90 675 521</b> | <b>89 338 459</b>  | <b>7 306 792</b>  | <b>292 615</b>                                 | <b>56 077 486</b> | <b>4 009 538</b>  | <b>3 193 314</b>        |
| +/- Gevinst/tap ved sal/utrangering av anleggsmiddel                    | 0                  | 0                 | 0                  | 0                 | 0                                              | 0                 | 0                 | 0                       |
| <b>Resultat</b>                                                         | <b>-16 935 043</b> | <b>-1 655 528</b> | <b>-15 755 313</b> | <b>-1 305 030</b> | <b>-21 513</b>                                 | <b>1 674 031</b>  | <b>128 309</b>    | <b>0</b>                |
| Sjølvkostgrad (%)                                                       | 100 %              | 100 %             | 100 %              | 100 %             | 100 %                                          | 100 %             | 100 %             | 100 %                   |
| <b>Sjølvkostfond 01.01</b>                                              | <b>26 796 206</b>  | <b>2 159 843</b>  | <b>21 512 557</b>  | <b>2 927 035</b>  | <b>0</b>                                       | <b>0</b>          | <b>196 771</b>    | <b>0</b>                |
| + Avsetjing til sjølvkostfond                                           | 128 309            | 0                 | 0                  | 0                 | 0                                              | 0                 | 128 309           | 0                       |
| - Bruk av sjølvkostfond                                                 | -18 715 871        | -1 655 528        | -15 755 313        | -1 305 030        | 0                                              | 0                 | 0                 | 0                       |
| + Kalkulert renteinntekt frå sjølvkostfond (3,54 %)                     | 609 659            | 47 102            | 482 130            | 80 427            | 0                                              | 0                 | 0                 | 0                       |
| <b>Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente)</b>                                | <b>8 818 303</b>   | <b>551 417</b>    | <b>6 239 374</b>   | <b>1 702 432</b>  | <b>0</b>                                       | <b>0</b>          | <b>325 080</b>    | <b>0</b>                |
| <b>Framførbart underskot 01.01</b>                                      | <b>-9 354 472</b>  | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>0</b>                                       | <b>-9 354 472</b> | <b>0</b>          | <b>0</b>                |
| + inndekking av framførbart underskot                                   | 1 674 032          |                   |                    |                   |                                                | 1 674 032         |                   |                         |
| - Underskot til framføring                                              | -21 513            | 0                 | 0                  | 0                 | -21 513                                        |                   | 0                 | 0                       |
| - Kalkulert rentekostnad på framførbart underskot (3,54 %)              | -301 557           | 0                 | 0                  | 0                 | -380                                           | -301 177          | 0                 | 0                       |
| <b>Framførbart underskot 31.12 (inkl. rente)</b>                        | <b>-8 003 510</b>  | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>-21 893</b>                                 | <b>-7 981 617</b> | <b>0</b>          | <b>0</b>                |
| Gebyrinntekter                                                          | 225 746 594        | 88 866 846        | 73 465 199         | 6 001 762         | 271 102                                        | 51 169 709        | 3 050 375         | 2 921 601               |
| Gebyrgrunnlag                                                           | 242 681 637        | 90 522 374        | 89 220 512         | 7 306 792         | 292 615                                        | 49 495 678        | 2 922 066         | 2 921 601               |
| Finansiell dekningsgrad (%)                                             | 93,0 %             | 98,2 %            | 82,3 %             | 82,1 %            | 92,6 %                                         | 103,4 %           | 104,4 %           | 100,0 %                 |





BDO AS  
Inger Bang Lunds vei 4  
5059 Bergen

## Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i ØyVAR AS

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til ØyVAR AS.

Årsrekneskapen består av:

- Balanse per 31. desember 2022
- Resultatrekneskap for 2022
- Oppstilling over kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per 31. desember 2022
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvise bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2022, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

side 1 av 2



### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 28. april 2023  
BDO AS

Charlotte Bårdsen  
statsautorisert revisor

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

side 2 av 2





#### STYRET 2022

Børge Haugetun, leiar  
Ingvill Kvalsnes Blom, nestleiar  
Liv Trellevik  
Tommy Angeltveit  
Ketil Christensen  
Tonje Tangen Alvsvåg  
Cathrine Østervold, for dei tilsette

#### BEDRIFTSLEIING

Bjarne Ulvestad, administrerande direktør  
Stig Hagenes, fagleiar vatn og avløp  
Espen Elstad, fagleiar renovasjon  
Tore Brakstad, fagleiar utbygging  
Marianne Vindenes, personal- og økonomileiar

#### REVISJON

BDO AS  
Inger Bang Lundsvei 4  
5059 Bergen





T. 56 31 59 30  
24/7 vakt (kun vatn/avløp): 917 29 717  
postboks@oyvar.no

For meir  
informasjon sjå  
[øyvar.no](http://oyvar.no)

